

Nynorsk rettskrivingsreform

Ny språkpolitikk der dei to skriftspråki utviklar seg sjølvstendig, er positivt så lenge utviklingi i nyare tid har vori tilnærming/radikalisering i nynorsk og meir konservativt bokmål. Men konsolidering av nynorsk må logisk også føre med seg to hovuddrag:

I Kløyvd infinitiv ut frå utbreiing i nynorskområde og ut frå kor sterkt kløyvd infinitiv har stått i litteraturen. Myten om kor vanskeleg det er å nytte kløyvd infinitiv, fell mellom anna på instruksen til sensorar i norsk i vidaregåande skule - å godta kløyvd infinitiv ut fra kandidaten sitt målføre.

II I-mål (i-ending i sterkt hokjønn og i inkjekjønn fleirtal). Dei sterke argumenti for å halde på i-mål som valfri form, er desse:

1 Historisk sjanse til språkleg samling innan nynorsk. Ei godkjenning av i-formene no vil gje grunnlag for at i-målsfolk og a-målsfolk kan samarbeide for bruk og utvikling av nynorsk, noko som kan hende er føresetnad for nynorsk mål i framtidi.

2 Nynorsk litteratur er sterkt prega av i-mål, serleg i lyrikk også i nyare tid (og lyrikk treng eit høgtidsmål som ikkje berre er godkjent "privat"). Å stengje i-formene ute er også å vera med å gjera mykje av den fremste norske litteraturen meir framand for komande slekter (Garborg, Blix, Aasen er eksempel nok til å understreka dette).

3 Utbreiing i målføre. Reknar ein både midlandsmål/fjellbygdsmål og målføre i vest blir i-mål (ending -i, -é, -ei m.m.) talemål i ein vesentleg del av område med nynorsk i administrasjon, kyrkje og skule.

Å stengje ute ein så viktig del av språket, er ei sterk forringing av nynorsk. Utanom det reint lydlege er det òg eit moment at skilje i tonelag kjem fram ved bruk av i-mål. *Dokka* kan i a-målstekst både vera bunden form av ei dokk (dokki/dokka med einstavings tonelag) og ei dokke (tostavings tonelag).

Då NRK P2 hadde målførerøysting og valdresmål vann med nordgudbrandsdal på andre plass, var det i-målsmaålføre på alle "medaljeplassane". Om det ikkje var ei hovudårsak, fortel det sitt om at målføreklang, og rikdom i lyd og grammatikk, er sentralt og viktig i språket.

Ivar Aars
2920 Leira i Valdres
norskfilolog